

Din kommune er medlem av

## UNGT ENTREPRENØRSKAP HORDALAND



SMARTE ELEVAR FRÅ SEIM SKULE

Som medlem av Ungt Entreprenørskap Hordaland får skulane i kommunen høve til å delta på kurs og undervisningsopplegg som fremjar nyskaping og innovasjon. Alle undervisningsopplegg blir knytta mot kompetansemål i læreplanen og er med på å gjera undervisninga meir praktisk.

Dei ulike undervisningsopplegga blir gjennomførte i samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv, og fremjar kreativitet, skaparglede, tru på egne evner og å lære ved å gjera. I framtida treng ein innovatørar overalt og dermed treng elevane handlings og innovasjonskompetanse.


### Elevar frå Nordhordland blant dei smartaste i landet

I år kom elevar frå Seim skule på andre plass i den nasjonale kåringa i SMARTare Energi. Elevane fekk i oppgåve å finna nye måtar å nytta sola som energikjelde på. Dei flinke og kreative jentene på vinnarlaget forklarte via modellen sin korleis dei tenkjer at ein i framtida kan nytta energien frå solstormar.

**”Det er viktig å satsa på entreprenørskap i utdanninga i Nordhordland på grunn av lite nyetableringar i regionen. Dette er eit viktig og langsiktig arbeid som vil gje resultat!”**

Vivan Kårbø, kompetansekoordinator  
- Nordhordland Handverk- og Industrilag

**872 elevar og 55 lærarar deltok frå Norhordland skuleåret 2015/2016**



## UNDERVISNINGSSOPPLEGG ME TILBYR:

### **ELEVBEDRIFT (ungdomstrinnet):**

Elevbedrift er eit pedagogisk program der elevane startar, driv og avviklar si eiga vesle bedrift. Elevbedrift er ein fleksibel metode som kan koplast mot valfag og arbeidslivsfag. Ein kan og jobba tverrfagleg med utgangspunkt i fag som utdanningsval, norsk, matematikk, samfunnsfag og naturfag. Me i Ungt Entreprenørskap kjem gjerne ut og bidreg der de er i prosessen med elevbedriftsarbeidet.

### **JOBBSKYGGING (ungdomstrinnet):**

Jobbskygging er eit verktøy som gir elevane grunnlag for å gjera yrkes- og utdanningsval. Elevane «skygger» ein arbeidstakar kvart skuleår. Materiellet kan ein lasta ned frå nettet eller få som elevhefte. Det inneheld tips til gjennomføring og oppgåver til før og etter jobbskygginga.

### **ØKONOMI OG KARRIÆREVAL (9. trinn):**

Undervisningsopplegget lar elevane få reflektera over framtida si og identifisera mogelege karrierevegar med utgangspunkt i oppgåver som gir dei auka sjølvinnstikk. Elevane lærer korleis dei kan ta gjennomtenkte val, om ulike yrker og om personleg økonomi. Ei av dei fire øktene blir gjennomført av Sparebanken Vest.

### **SMARTARE ENERGI (6. trinn):**

SMARTare Energi er eit undervisningsopplegg der temaet er energi, klima og miljø. Etter at elevane har jobba med dette på skulen, blir det arrangert ein SMARTcamp som går over to dagar. Elevane får eit oppdrag frå ei lokal bedrift som dei skal løysa og presentera for ein jury. I prosessen byggjer dei ein modell og brukar kunnskap, kreativitet og skaparglede for å finna si løysing på oppdraget.

Det er mogeleg å væra med vidare i ei kommunekåring. Det er stor stas for vinnerlaga i kvar kommune å komma til Fylkesfinalen i SMARTere Energi på VilVite!

### **VÅRT LOKALSAMFUNN (4. trinn):**

Undervisningsopplegget gjev elevane innsikt i korleis lokalt arbeids- og næringsliv er viktig for kvardagen deira. Det styrkjer lokal identitet hos elevane og viser korleis dei sjølve kan bidra til å påverka utviklinga i eige lokalmiljø. Elevane lærer blant anna om forskjellen på offentleg og privat verksemd og om kvifor me betalar skatt. Vårt lokalsamfunn blir gjennomført på ein skuledag av ein ekstern rettleiar frå lokalt arbeids- eller næringsliv.